

Bygdabladet

for BOKN



 Bokn kommune

På Bokn er alle vinnarar.
Les meir på siste side.



Barnehagen I ny fasong.
Les meir s. 4



Partia svarar på spørsmål.
Les meir s. 8



På sykkel frå Stjørdal til Bokn.
Les meir s. 18



RDFØRAREN RDET

Vel overstått sommar. Véret har ikkje vore det beste, men me får håpe at sola dukker opp når skulen startar opp og at hausten blir fin.

Sommaren er ei rolig tid i kommunen og prega av ferieavvikling. Eg får håpe at kommunen likevel har klart å yte den service som blir forventet av dykk.

Vanskeleg arbeidsmarknad

Kommunen opplever nå eit problem med å skaffe fagfolk til fleire stillingar. Det arbeidast kontinuerlig med ny rekruttering i ein vanskeleg arbeidsmarknad, og i tillegg må kommunen satse endå meir på vidareutdanning av eksisterande arbeidskraft for å kunne ha ein tilfredstillande kompetanse.

Dette kan medføre at kommunen kan få problem med å yte den service og hjelp som trengst. Det vil og bety ei auka belastning på dei som er på jobb.

Eg ber om litt forståing for dette og eg kan forsikre dykk om at dei tilsette gjer det dei kan, og meir til, for at me skal merke dette minst mulig. For dei tilsette og oss innbyggjarar blir situasjonen betre når kommunen har fått fleire tilsette i ledige stillingar.

Vinn-vinn situasjon

Kommunen foretar ei ombygging av sine lokaler. Kommune, NAV, og SR-Bank skal samlokalisera fleire av sine tenester.

Bakgrunn for denne endringa er at SR-Bank ville redusere opningstida til 2 dagar og arbeidet med å etablere NAV-kontor i alle kommunar.

Arbeidet enda då ut i at kommunen, NAV og SR-Bank inngår i eit unikt samarbeid. Det vil medføre betre tilgjenge til sentrale tenester for oss som innbyggjarar og betre bruk av personalressursar.

Me får ein vinn-vinn situasjon der kommunen vil få meir ressursar til service for oss innbyggjarar, betre tilgjenge og samarbeid for NAV og sosialtenesta og banken får 5 dagar opningstid.

Val 2007

Det nærmar seg nå kommuneval og det er viktig for demokratiet at flest mulig går til valurnene og avgir sin stemme. Eg oppfordrar alle til å stemme den 10 september eller nytte muligheten til å forehandsrøyste.

Godt val.

Svein Ove

Arsvågen Kro og Gardsmat A/S til sals

Reidar Alvestad

Arsvågen Kro og Gardsmat A/S er avertert til sals. Den strategisk godt plasserte kafeen og butikken går godt, så det er ikkje det som er årsaka til salsannonsa.

Veldriven gardsmatbutikk

Annonser har vore å sjå i Haugesunds Avis nokre gonger, og skal også annonserast i Stavanger Aftenblad. Annonsera framhevar at produkta deira har store utviklingsmulegheiter, og at det er ein bransje som er på full fart framover i heile Norge.

Det er fem eigarar som i dag driv Arsvågen Kro og Gardsmat A/S. Styreformann Nils Melbø i aksjeselskapet seier til Bygda-bladet at bedrifta går bra, og at det difor burde vera ei bra tid å selja på. Dei har godt sal på alle typer varer, og særleg på kjøtprodukt frå Angus-storfe.

Ved å avertera nå, vil dei få ei peiling på korleis marknaden vurderer det i forhold til pris. Derfor er det også avertert med at gardsmatbutikken er vurdert for sal. I det ligg at dei ikkje sel for ein kvar pris. Eigarane er travle folk som ser at det krevst ein del innsats og tid for

å få drifta til å gå bra, og Melbø seier at Arsvågen ville passa godt som ei familiebedrift som kunne leggja inn ein god del eigeninnsats.

Elles har det her som elles i distriktet vore knapt med arbeidskraft å få tak i, men dette er noko som dei fleste strevar med.



Arsvågen Kro og Gardsmat A/S er til sals.

Nye hus og hytter

Reidar Alvestad

Det er relativt god aktivitet innafor byggebransjen i kommunen. Ser ein seg rundt, dukkar det stadig opp nye byggeprosjekt.



Arbeidet med å reisa rekkehus vest for Boknatun er nå kome i gong. Lengre oppe i feltet er graving av andre tomter starta opp.

Rekkehus meir vanleg

Når det gjeld bustader, er tomannsbustader og hus med fleire bustader i rekke ein heller ny måte å bu på i Bokn. Både i feltet vest for Boknatun og på Øyrenfeltet vert det nå bygd slike hus. På Øyrenfeltet er det frå før 2 tomannsbustader som kommunen eig. Dette er såkalla ungdomsbustader. Vidare er det nå private aktørar som har bygd ein ny tomannsbustad på dette feltet, medan ennå ein er i starten av prosjekteringsarbeidet.



På Øyrenfeltet er det byggeaktivitet. Til høgre utgravd ny tomt. Nærast til venstre ny tomannsbustad snart innflyttingsklar, og nytt hus med nyleg innflytta familie. Lengre sør i feltet er det i øvre rekke støypt ein grunnmur, pluss at det er graving i tomt i same rekke.

Men det vert også bygd vanlege bustader både på Øyrenfeltet og i Havnavegen. Etter aktiviteten å døma,



Graving av tomt midt i det "gamle" feltet på oppsida av Havnavegen.



Nybygg lengst sør i Havnavegen på veg til å bli innflyttingsklart.

verkar det som det er optimisme i marknaden. Husværa i tomannsbustader og rekkehus har omsetjing, og brukte hus og hytter til sals får nye eigarar. På oppsida av Havnavegen ved det "gamle" byggefeltet er det også aktivitet med graving av hustomt. Dette er eit privat byggefelt kor tomter skal vera averterte til sals.

Hyttebygging

Nye hytter kjem også opp rundt omkring. I hytteområdet ved Lauplandsvågen er det nå selt og kome opp 4 hytter. Naust til hyttene og flytebrygger for hytteeigarane er utlagde.

Byggefirmaet Kjellesvik og Flatnes AS frå Bokn har nå gjort ein iavtale med utbyggaren av hyttefeltet, Brødrene Gulbrandsen frå Stavanger om å bygga 5 hytter. Vidare samarbeid blir vurdert etter desse 5 hyttene er ferdige. Hyttene skal vere ferdige i løpet av ca. 1 år.

Utanom dei 4 som nå er bygde og selde, er ytterlegare 3 selde.



Leif Kjellesvik peikar mot dei to siste hyttene som er reist i Lauplandsvågen. Firmaet Kjellesvik og Flatnes AS skal i løpet av eit år setta opp 5 hytter i dette feltet.

Dagleg leiar i byggefirmaet Kjellesvik og Flatnes AS er Leif Kjellesvik. Han seier til Bygdabladet at dei er 5 tilsette i firmaet, og har bygge- og rehabiliteringsopp-gåver både i Bokn, Tysvær, Sveio og Haugesund. Det er plenty av oppdrag for tida i denne bransjen.

Bokn barnehage i ny fasong

Tekst: Silje Karin Gismarvik - foto: Jardar Havikbotn

Bokn barnehage er inne i en ny, tidsriktig tenkning. og går nå bort i fra den inndelingen som har vært ved at de store og små barna er på hver sin avdeling.

Basetenkning

Det som nå er blitt gjort er at de "gamle" avdelingene nå har løst seg opp, og har ikke noe navn lengre.

Barnehagen er nå i startfasen på det som vi kaller basetenking. Basetenkning er et begrep som vi bruker

står det at barna skal ha medbestemmelse over hva de skal gjøre i løpet av en dag i barnehagen, men tatt hensyn til dets alder og modenhet. Her er det viktig å nevne at det er den voksne som har det overordna ansvaret for grupperingen.

Ellers i Rammeplanen som Kunnskapsdepartementet har gitt ut i 2005, er det ulike fagområder som barnehagen er pålagt å jobbe etter. Slik vi nå har tenkt at Bokn barnehage skal fungere, ser en at disse fagområdene blir flettet inn i de ulike basene.



Dette er basene vi har laget:

1. **Formingskroken.** Her står det alltid tilgjengelig maling og ulike formingsmateriell som barna kan bruke.
2. **Dukke-kroken.** Her ligger det dukker og ulike kjøkkenutstyr for barna.
3. **Bil og togbane.** Vi skal prøve å holde fokus på at en leker med disse lekene i en bestemt base slik at det blir fokus på det der lekene er...men bilene kjører av og til litt fort....
4. **Lese og syngeskrok.** Bøkene er nå flyttet inn til et grupperom i sammen med noen spill slik at det skal bli litt lettere å få ro når en leser.
5. **Spill.** En hylle er satt frem med spill slik at barna kan velge seg spill. Her er det viktig å ikke ta for mange spill på en gang.....

Over

Her ser en noen barn som sitter i lese-kroken og leser bøker. Bøkene ligger tilgjengelig for barna slik at de selv kan velge bøkene.

På bildet ser vi fv. Jan André Johansson, Emilie Bryningsland, Ragna Alvestad, Viktor Nilsen og Martine Hesthammer.

Høyre

Fv. Kristian Hatlem, Sunniva Taraldlien, Hermine Lindanger, Marianne L. Alvestad har valgt spill. Spillene ligger nedover i hyllen, men en del puslespill ligger

slik at ikke barna får tak i de....det kan bli litt mange puslespill på en gang....

for å si noe om hvordan vi har organisert barnehagen innvendig og utvendig. Generelt vil det si at utstyret som vi har i barnehagen (maling, perling, duplo...) har nå fått seg sine egne baser/kroker, og utstyret blir mer tilgjengelig for barna. Det vil være en voksen på hver base og ca. 5-6 barn.

Dette betyr at vi får bedre mulighet til å se det enkelte barn, og det blir lettere for barna å nå frem med det de vil.

Ut i fra rammeplanen som barnehagen jobber etter



6. **Byggelek.** Her har vi klosser i ulike fasonger. Det er her barna virkelig kan bruke sine kreative evner å bygge helt ut i fra fantasien.
7. **Utegruppe.** Det kommer alltid til å være en gruppe ute på tur hver dag.

Som en ser er det mye som skjer, og dette krever aktive voksne som viser vei for barna. Fagområdene i Rammeplanen blir og flettet inn i det daglige arbeidet i barnehagen.

Dette er fagområdene:

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, bevegelse og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknikk
5. Nærmiljø og samfunn
6. Antall, rom og form.

Når det gjelder uteområdet i barnehagen er ikke det så veldig mye å skryte av.... Barn trenger utfordringer slik at de har noe å strekke seg etter, og få følelsen av å mestre. I forhold til det uteområdet som barnehagen pr.dags dato har, mener vi at det er mangler her.

Midlertidig rom på skolen

Andre ting som har skjedd dette barnehageåret er at en gruppe barn (6-åringer) har fått seg et rom på skolen der de holder til 3 dager i uka. Dette er innredet etter barns prinsipper og er blitt veldig bra. Dette er en midlertidig løsning, slik at det ikke skal bli så mange barn inne i barnehagen.

Vi har en gruppe barn som er litt "fredet" fra denne basetenkningen, og det er de minste barna i barnehagen som er ca. 0-2 år. De kommer til å være en del skjermet fra de andre barna, og har sine trygge rammer inne på den ene avdelingen. Barn lærer i relasjon til andre barn samtidig som de har trygge voksne rundt seg. Dette håper vi å skape i sammen med de små.

Som dere kanskje forstår er det mye som skjer hos oss i Bokn barnehage. Vi har nå hatt 2 planleggingsdager der vi er kommet godt i gang med å legge om alt det praktiske inne i barnehagen. Barnehagen nærmer seg nå full dekning i forhold til barn, og vi ser at barnegruppen har forandret seg litt det siste året ved at det er flere barn mellom 0-3 år.

Øverst

Bak fv. Sunniva Taraldlien, Hermine Lindanger, Silje Karin Gismarvik og Jan Andre Johansson. Framme fv. Malin Heimvik og Kristian Hatlem. Her er det maling som står på, barna fikk maling rett på arket og vi laget noen effekter ut i fra det etterpå.

Midten

I et rom på skolen holder en gruppe 6-åringer til 3 dager i uka.



I byggekroken ser vi Jacob Larsen som bygger med duplo som han har valgt. En ser her at andre leker er tydelig tilgjengelig for han ellers.

Grunnen til at noen av de samme barna er på bildene er at andre barn var på tur og opptatt med andre aktiviteter.

Full klaff for marknadsdagen på Bokn

Reidar Alvestad



Det ustabile véret som hadde prega veka, hadde veksla mellom sol og regn. Slik var også meldingane for laurdag den 7. juli og marknadsdagen i Føresvik. Men dagen kom med god sommarvarme med solglytt og vindstille.

Dermed var noko av det viktigaste på plass for ein vellykka marknadsgang.

Storstilt opning av ny gjestehamn

Ikkje mindre enn fire personar var i fokus og sto for kvar sitt bidrag ved opninga. Mest gjorde konferansiér og sildakonge Arvid Otto Sildenskiold Mørk av seg der han i kjend positur og uniform la ut om kor fantastisk me hadde fått det på Bokn.

Så presenterte han ord-førar Svein Ove Alvestad som klippte snora til den nye hamna og erklærte ho for opna. Ordføraren sa også at han var glad for at tradisjonen med sommarmarknad vart tatt opp igjen, og håpa at det kanskje kunne utviklast til eit lengre arrangement over eit par dagar. Sildakongen ga så ordet til administrerande direktør for Coop Haugaland Tore Klovning som ga honnør til dagleg leiar Tor Harald Alvestad for at han tok opp igjen tradisjonen med



Ordførar Svein Ove Alvestad opnar gjestehamna. Til høgre for han Tor Harald Alvestad og Tore Klovning.

Foto: Jardar Havikbotn

sommarmarknad i Bokn. Han sa også at Coop Haugaland ville satsa på butikken i Føresvik ved vidare utvikling og tilrettelegging slik som i dag med opning av ny gjestehamn. Slik kan anlegget inkludert butikken bli så attraktiv at også andre enn fastbuande kan koma innom for handel.

Dagleg leiar av Coop Bokn, Tor Harald Alvestad, orienterte så om dagens program, og kva som skulle skje. Det gjorde også konferansiér Sildenskiold, og sjølvstilt vart det gratis sildabordet behørig omtala og presentert med sponsorar og det heile. Og det varte heller ikkje lenge før det vart sildakø etter at denne serveringa opna.

Opplevingar

Marknadsområdet gjekk rundt Coop Bokn inkludert kaiene på begge sider. Med det nye området i nord og vest med småbåthamna, er det eit ganske stort i areale. Det viste seg faktisk å vera plass til ein utruleg stor mengde publikum. Kor mange som hadde møtt er vanskeleg å anslå, men det har vel knapt vore så mykje folk samla før på liknande arrange-



Mykje folk og god stemning mellom telta og utsalsstadene.

Foto: Kyrre Lindanger

ment nokon gong i Bokn.

Mange telt og utsalsstader var oppsette, og det blei omsett alt frå sild til helsesko. Det var også ein seljar med tomater frå Finnøy, sommarklær, smykker, trearbeid, malerier, snop og andre godterier pluss drikke, planter, kremar og kosmetikk, husflidsvarer, steinkunst, diktsamling for å nemna det meste.

Så var det kafé med variert utval pluss at Musikkorpset selde varme vafler. Bord og stolar ved hamna var sett ut. Veteranskøyta Andholmen låg ved kaien. Sal av nykokte reker og krabbe frå ei skøyte ved kaien såg ut til å foregå i stort tempo. Butikken var open, og der var køane til tider ganske lange.

Helikopterturar

Mange nytta seg av tilbodet med ein helikoptertur over Bokn frå kl. 13.00. Her danna det seg med ein gong kø av alle som ville kjøpa seg ein luftetur, og helikopteret var i kontinuerleg fart over Bokn.

Pensjonistar på båttur

Bokn båttforening hadde frå kl. 15.00 eit tilbod til medlemmer av Bokn Pensjonistforening om ein båttur rundt Austre



Dagleg leiar i HelikopterDrift i Stavanger, utflytta boknar Kjartan Jensen, seier til Bygdabladet at heile 85 stk. fekk seg ein luftetur. Då tida var ute stod rundt 30 igjen på kaien. Kanskje blir det to helikopter neste år?

Foto: Kyrre Lindanger



Pensjonistar på Andholmen klar for tur rundt Austre Bokn.

Bokn med Andholmen, og det var fullt belegg på denne turen, kor det også blei servert fiskesuppe.

Tradisjon

Sommarmarknaden 2007 i ny drakt på ny stad må nok betraktast som ein suksess. Det kan eigentleg

I kjent stil tok Sildakongen av seg hatten for marknaden.

Foto: Jardar Havikbotn

ikkje samanliknast med marknaden i Alvestadkroken som i seg sjølv var meir intim og hadde heilt andre rammer når det gjaldt miljø og storleik på området.

Marknaden i Føresvik hadde større areale å breia seg ut på, og fleire aktørar i sving. Med det nye arealet nord og vest for Coop Bokn eignar området seg svært godt for arrangementet. Likevel er det heilt sikkert som ein av seljarane sa, nemleg at véret var hovudgrunnen til det gode salet ho hadde hatt. Og slik var det nok også totalt sett – véret la grunnlaget til at så mange kom, og at det heile fungerte så bra.

Dei fleste av dei som hadde utsal av varer ga utrykk for bra sal. Det såg også ut til at Coop Bokn hadde god omsetning, i alle fall når ein såg at det var kontinuerleg kø i kassane.

Treffplass

Eit viktig poeng med denne marknaden trur eg er at det også fungerer som ein treffplass for mange. Ein treff mange utflytta kjenningar som enten har hytte på Bokn, eller tar ein tur til gamle trakter på marknadsdagen. Det er for tida også så gode kommunikasjonar til og frå Bokn at det også let seg gjera med ein dagstur, både for folk med tilknytning til kommunen, og andre. For ein behøver vel ikkje vera så beskjeden at ein ikkje trur det kan interessera andre å komma hit på eit slikt arrangement.

Når ein ser på kor mykje folk marknaden samla, og kor velukka arrangementet var, er det ingen tvil om at det var rett å ta tradisjonen opp igjen. Det ga meirsmak, og bør halda fram neste år. Noko må sikkert byggja på same leisten, men det er alltid bra med nye idear i tillegg.

Véret var ein viktig ingrediens i oppskrifta på årets marknad. Men også alle bodene, helikopteret, Andholmen, sjømattilbodet, sildakongen osv. Ein må ikkje gløyma det særeigne maritime ved Bokn når ein planlegg for seinare år. Sal av



Slik så marknadsdagen ut frå helikopteret.

Foto: Kyrre Lindanger



Kommunevalet 2007

Jardar Havikbotn



Då det ikkje har kome inn spørsmål frå lesarar denne gong, sende Bygdabladet nokre generelle førespurnader til partia.

Partia fekk svara slik dei ville og kor mykje dei ville. Spørsmål 2 kan t.d. sjåast i samanheng med det første spørsmålet.

Svara blei monterte inn i bladet etterkvart som dei kom til Bygdabladet sin innboks.

1. Kva vil de gjera på desse områda for at Bokn skal vera ein god kommune å bu i:

- a) Helse, sosial, barnevern
- b) Kultur, skule, barnehage
- c) Teknisk
- d) Næring

2. Kva saker vil de prioritera?

3. Korleis vil de markedsføra Bokn?

4. Kva er dei sterke sidene dykkar?

5. Kvifor bør veljarane stemma på dykk?



1. a)

Partiet vil som det alltid har gjort sette helse- sosial, og barnevern høgt på prioriteringslista. Ein ynskjer å skape trygge livsvilkår for alle som bur i Bokn. I praksis betyr dette at me må

arbeide for at det til ei kvar tid er nok personell til å utføre helsetenestene som er nødvendige. Dette inkluderer og lege og tannlege. Det må og til ei kvar tid vere nok sjukeheims plassar og omsorgsbustader.

1. b)

KrF vil som før arbeida for gode rammevilkår for både skule og barnehage. Ein må til ei kvar tid ha opne øyrer for dei som arbeidar innanfor sektorane slik at kan verte samde om kva om er gode rammevilkår. Partiet ynskjer og å høyre på brukarane av tenestene.

1. c)

KrF vil arbeide for at det skal vere god service og kort handsamingstid frå kommunalt hald. Dette gjeld i høg grad teknisk. Det må arbeidast for at det er nok pengar og menneskelege resursar til å vedlikehalde dei kommunale eigedomane. Under dette ligg og vegar. Ein må ikkje kome i den situasjon at det ikkje vert gjort vedlikehald. Det er ein dyr måte å styre på. Tomteilbodet må vere variert og stort nok til at det til ei kvar tid er ledige tomter i kommunen.

1. d)

Partiet vil arbeide for at det er gode rammevilkår for næringslivet. Ein må ta vare på dei næringane me har og arbeide for å skape nyetableringar som igjen kan skape nye arbeidsplassar i kommunen.

2.

KrF har alltid prioritert dei svake i samfunnet og slik har ein tenkt at det skal vere framleis. Det er då naturleg at det er arbeidet blant dei yngste og eldste som vert prioritert.

3.

Den beste markedsføringa Bokn kan få er dersom folk utanfrå kan seie at det ser/høyrest kjekt ut å bu i denne kommunen. Dette kan ein få til dersom me som innbyggjarar snakkar positivt om kommunen vår og om kvarandre. Ein må jobbe vidare med prosjektet "Kjekt på Bokn" og få realisert nokre av planane som ligg der.

4.

Den sterkaste sida til KrF er at partiet og politikarane tenkjer på HEILE mennesket, med både dei åndelege og materielle behova.

5.

Fordi partiet prioriterar trygg oppvekst og betre alderdom.

Bruk hjarta. Og hovudet. Og stemmen.

En mann som besøkte Oslo hadde parkert bilen sin nær regjeringsbygningen. Han gikk bort til en mann som stod i nærheten og sa til ham :

– Hvis du skal være her noen minutter, kan du da holde et øye med bilen min?

– Stopp litt, sa man-

nen, De er vel kanskje ikke klar over at jeg er medlem av regjeringen?

– Nei, det visste jeg

ikke, sa bileieren, men det er OK. Jeg stoler på deg for det!

Kjelde: Internett





1. a)

Me i Senterpartiet ønsker å oppretthalda dei tilboda me har i dag på Bokn. Vidare ønske me å auka aktivitetstilbodet til dei

som mottok helsetenester. Dette for å oppnå ein god og verdig omsorg for alle.

Ved å vidareføra prosjektet "Kjekt på Bokn" ønske me å bidra til førebyggjande helsearbeid.

1. b)

Senterpartiet ønske å støtta kulturen i Bokn på eit bredt grunnlag. I denne samanheng vil det vera interessant å sjå på moglegheita for å samla fleire aktivitetar i eit fleirbrukshus.

Me vil oppretthalda full klassesdeling i skulen. Halde fokus på innhaldet i skulen og ha eit høgt trykk på læring.

Ved å byggja ny barnehage vil me kunne møte behov for framtida. Ein må tenke på kva som er hensiktsmessig med tanke på plassering, areal, utvidingsmoglegheiter, tilkomst m.m.

1. c)

Me vil leggja press på fylket for å få utbetra fylkeskommunale vegar, samt auke vedlikehald av kommunale vegar. Jobbe vidare for å gje alle eit tilbod om å knytte seg til det kommunale vassverket,

samt vurdera moglegheita for alternative vassreservoar ved behov for dette.

Full breibandsdekning for Bokn, 86% er ikkje nok.

1. d)

Senterpartiet vil leggja til rette for dei som ønske å starta næring/bedrift. Næringsareala me har i kommunen må marknadsførast i mange ulike fora. Delta i konferansar og på stader der industri og næringsliv samlast.

3.

Marknadsføring

Marknadsføra Bokn som den gode plassen det er. Nyttå dei fora me har som t.d. Bygdabladet, men og få media til å setja fokus på det gode livet på Bokn.

4./5.

Partiet sine sterke sider/Stem på Senterpartiet

I Senterpartiet evne ein å sjå enkelt individ, samt ta vare på fellesskapet. Det oppnår me ved å vera fleksible og tilpassa planar etter behov og endringar i lokal samfunnet.

Me har dyktige og engasjerte folk på lista som vil ta vare på det gode ved Bokn, samstundes som me vil vera med på å utvikla eit framtidsretta Bokn.



1. A)

Bokn Arbeidarparti vil at alle skal ha tilgang til gode og likeverdige helse- og omsorgstenester i kommunen. Det er difor viktig å sikra rekrutteringa til denne sektoren. I tillegg er det viktig å leggja til rette for eit

godt arbeidsmiljø for å kunne halda på helse- og omsorgsarbeidarane i kommunen.

Me vil elles auka talet på sjukeheimplassar i kommunen og arbeida for bustader som er tilpassa friske eldre som ynskjer betre tilrettelagt husvære, samt jobba for å få tilsett ny kommunelege i Bokn.

Bokn Arbeidarparti vil styrka det førebyggjande barnevernet gjennom godt samarbeid med skulen, barnehagen og nærmiljøet. Det må satsast meir på styrking av kompetansen i barnevernet, og sikra eit mangfald av tiltak, som kan kome i møte den enkelte familie og det enkelte barns behov for hjelp. Ingen barn skal vera ofre for omsorgs- svikt, vald eller mobbing utan at nokon grip inn.

1. B)

Det store folkelege engasjementet som ligg til grunn for kommunens idrettslag, korps, speidarar og andre frivillige organisasjonar, er ein enorm verdi som me vil byggja vidare på. Bokn Arbeidarparti vil halda fram med å sikra breidde og mangfald i det frivillige kultur- og idrettslivet.

I tillegg ynskjer Bokn Arbeidarparti å styrka fritidstilbodet til ungdommen i Bokn ved å prioritera m.a. fritidsklubben Petra. Me vil leggja til rette for fleire klubbkveldar og renovera lokala i Kyrkjebygd skule. I tillegg ynskjer me å satsa på biblioteket og styrka posisjonen som ein viktig møtestad i kommunen.

Bokn Arbeidarparti vil at skulen skal få dei ressursane og utviklingshøva som skal til for å sikra god kvalitet. Skulen må sikrast den faglege kompetansen som er naudsynt for å gje ei tilpassa opplæring ved å leggja til rette for vidare-

utdanning av personalet. Vidare ynskjer me å ha fokus på helse og trivsel hjå ungdommen i Bokn ved å leggja til rette for m.a. auka fysisk aktivitet, både i løpet av skuledagen, og på fritida.

Når det gjeld barnehagen vil me leggja til rette for at det til ei kvar tid er ledige barnehageplassar for dei som treng dette. Bokn Arbeidarparti vil harmonera talet på barnehageplassar med den folketalsauken ein ser i dag. Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd som gjev barna gode utviklings- og aktivitetshøve. Me vil difor satsa på ei kompetanseheving av personalet i barnehagen ved å leggja til rette for vidareutdanning.

1 c)

Bokn Arbeidarparti vil jobba for å utbetra fleire av kommune- og fylkesvegane i Bokn. Spesielt ynskjer me å utbetra fylkesvegen mellom Føresvik og E39, og samstundes byggja sykkel- og gangveg heilt fram til Knarholmkrusset. Trafikkmengda har på dette vegstrekket teke seg kraftig opp dei siste åra, både når det gjeld personbiltrafikk og tungtransport. Med høg aktivitet i næringslivet og fleire bustader i Føresvik-området, må ein gjera grep for å kunne møte utviklinga, slik at det blir trygt for alle å ferdast på, og langs dette vegstrekket.

Me vil jobba for å få til ei løysing på bru-situasjonen i Sunnlandsstraumen. Brua er i dag i dårleg forfatning, og treng snarleg ei totalrenovering eventuelt utskifting. Fleire av dei kommunale bygga i Bokn treng vedlikehald, og dette er noko me vil prioritera. Spesielt ynskjer me å renovera Kyrkjebygd skule slik at denne bygninga blir meir brukarvennleg og funksjonell og med eit tilfredsstillande innemiljø. I tillegg vil me ta grep for å auke kapasiteten på vassproduksjonen i kommunen. Ein er i dag sårbare i høve til forsyningskapasiteten, dette ser ein spesielt i lengre tørkeperiodar. Det er naudsynt å bygga ut leveringskapasiteten.

Me vil elles at seksjon Teknisk skal vera ein reiskap og eit serviceorgan som held oppe eit høgast mogleg nivå på tenestene. Seksjonen skal ha ein effektiv og forutsigbar sakshandsaming, og ein vil ha som sikte at alle henvendelsar blir fylgd opp av sakshandsamar i henhold til kommunens serviceerklæring.

Elles vil me ha eit fokus på at det til ei kvar tid skal vera full bemanning ved seksjonen for å sikra ei forsvarleg drift etter kvart som saksomfang- og kompleksitet aukar innan-for denne sektoren.

1. d)

Bokn Arbeidarparti vil støtta det eksisterande og framtidige næringslivet i Bokn. Dette gjer me best ved å lytta til partane i arbeidslivet. Eit godt samarbeid mellom partane er ein av dei viktigaste føresetnadane for at den positive utviklinga i Bokn skal halda fram. Kommunen har viktige oppgåver som utviklingsaktør og tilretteleggjar. Me vil at Bokn kommune skal gje rask respons når næringslivet tek kontakt, og at kommunen skal ha ein effektiv og forutsigbar sakshandsaming, samt god kunnskap om næringslivet sine behov.

Bokn Arbeidarparti vil sikra breiband til alle verksemdar i kommunen. Me vil elles støtta tanken om å etablera ein felles losstasjon for fylket i Bokn. I høve til skipstrafikken i Rogaland, ligg Bokn sentralt plassert. Med kortare veg til entringstadene, vil losskøytene få ein reduksjon i forbruket av drivstoff og dermed ein miljøgevinst i form av reduserte CO₂-utslepp. Ein losstasjon vil i tillegg gje ein positiv tilvekst til det maritime miljøet i bygda og sikra fleire arbeidsplassar.

2.

Bokn Arbeidarparti ynskjer å prioritera følgjande saker:

- 1 Fullføra prosjektet *"Kjekt på Bokn"*
- 2 Leggja til rette for at det til ei kvar tid er ledige, kommunale tomter i Bokn
- 3 Leggja opp til regulerte hyttefelt for å motvirka bygging av hytter i bustadfelt
- 4 Arbeida for å ferdigstill moloen i Hålandssjøen og støtta arbeidet med å byggja småbåthamn
- 5 Utbetre vegen mellom Føresvik og E39
- 6 Oppsetjing av støyskjerm langs E39, bygging av midtdelarar, samt utbetring av av- og påkøyringane til E39
- 7 Støtta tanken om å etablera ein ny, felles losstasjon for Rogaland i Bokn

3.

Marknadsføring av Bokn

I marknadsføringa av Bokn meiner me det er viktig å styrka merkevara *Bokn kommune* med å vektleggje dei assosiasjonar som naturleg høyrar til for at Bokn kommune skal bli Nord-Rogalands mest attraktive kommune å bu i. Bokn Arbeidarparti ynskjer i denne samanhengen å fullføra prosjektet *"Kjekt på Bokn"* og bruke denne merkevara som ein del av marknadsføringa av kommunen.

Bokn kommune skal framstå utad med ein attraktiv og

heilskapleg profil og identitet.

Me må bruke ressursar, gode krefter og midler til å fortelje om kvalitetane våre. I ynskjet om å få fart på Bokn kommune er det naudsynt med ei kjensle av identitet i heile befolkninga. Alle må vera med på laget for at lokalsamfunnet framleis skal vera berekraftig og levedyktig. Det er såleis viktig at boknarane sjølve er gode ambassadørar og er bevisst i høve til identitet og dei signal kvar og ein gjev utad.

Bustadbygging og tilvekst av kommunale tomter må gjerast til ein sentral næringspolitisk strategi for Bokn. Me må gjera det meir attraktivt for folk i Rogaland, og Nord-Rogaland spesielt, å busetja seg her. Det må vera eit naturleg mål for Bokn kommune å ha god folketalsvekst. På sikt vil dette skapa ny og positiv utvikling i Bokn, både innan bu- og næringsutvikling. I tillegg er det viktig at tilsette i kommunen og politikarar blir meir offensive i forhold til å skapa positiv omtale av Bokn kommune i media .

4.

Våre sterke sider

Ordførarkandidaten vår er vaksen opp i Bokn. Han er engasjert i, og interessert i, alle sider ved boknasamfunnet. Ved å setja Bokn betre på kartet, er målet å få fleire til å busetja seg her. Ordføraren skal vera vår viktigaste lyttepost og ombodsmann for alle, samstundes som han bidreg til at kommunen styrkar og vidareutviklar tenestene sine. Gjennom synleg leiarskap skal han ikkje berre vera samlande på boknarane, men også sikra at kommunen har effektive og gode politiske og administrative arbeidsprosessar.

Politikk er eit middel til å nå mål, og ikkje eit mål i seg sjølv. Det overordna målet for han som politikar i Bokn, er eit best mogleg samfunn med best moglege **t i l b o d**. For å få dette til er det vår grunnleggjande tru at det er eit sterkt, trygt og utvikla fellesskap som skal til. Bokn er eit lite, sjølvstyrande samfunn med spesielle verdiar som større kommunar har mindre av, mellom anna eit tett og nært samfunn der politikarar og administrasjon er nære naboar. Det gjer at kvar av oss i større grad enn i dei store kommunane kan påverka utviklinga i nærmiljøet vårt. Me kan målretta tenestene til innbyggjarane fordi alle kjenner alle og me veit kva den einskilde representerar, og me veit kva type tilbod som skal til for at kvar einskild får eit best mogleg tilvere.

5. Kvifor bør du stemma på Bokn Arbeidarparti?

Bokn Arbeidarparti har stor tru på fellesskapsløysingar, og me meiner at det er dette som skal til for å gje små samfunn ein best mogleg verdi. Me har profilert oss i høve til at Bokn skal vera eigen kommune. Me har ikkje tru på den omfattande sentraliseringa som finn stad i samfunnet. At dei administrative einingane blir størst mogleg, er ikkje løysinga på alle problem - ein sparar kanskje nokre kroner, men mister nærleiken undervegs. Har du tru på Bokn si evne til å skapa ei god framtid, og til å kunne utvikla eit godt og positivt lokalsamfunn, gjev du stemma di til Bokn Arbeidarparti den 10. september.

En kirurg, en arkitekt og en politiker krangler om hvem som har det eldste yrket.

– Gud skapte Eva av Adams ribben. Det

høres ut som kirurgi for meg, sier kirurgen.

– Kanskje det, men før det skapte Han orden av kaos.

Det virker som en arkitekts oppgave, sier arkitekten.

– Ja, det stemmer, sier politikereren. Men

noen må jo ha skapt kaos først!

Kjelde:
Internett





1. a)

Helse, Sosial og Barnevern er etter vårt syn det området hvor forsømmelse gjør størst virkning og vi vil derfor sørge for at fokus på dette

oppretholdes. Ser en hele kommunen som en helhet er det viktig at de forskjellige bærebjelkene er til stede.

Bokn som en så liten kommune og med så begrensede midler har gjort en god innsats innen for dette feltet og vi vil forsette denne trenden. En viktig faktor her er å få til en god løsning vedr. fastlegetilstand. Her vil vi gjøre det som er nødvendig for å få dette på plass innen utgangen av dette året.

1. b)

Dette er en annen bærebjelke i en godt fundamentert kommune. Kultur blir ofte uglesett og bemerket med som unødvendig. Når en ser på den utviklingen Bokn hadde når musikk-skule og annen kulturaktivitet var på sitt beste er det enkelt å si at dette må vi prøve å nærme oss igjen og vi skal gjøre vårt der.

Innenfor skole er det viktig at læring får fokus. En viktig ting her er å satse på videre-utdanning av lærere og at det får en prioritet som kan sammenlignes med andre bedrifter. Våre unge er de som skal løfte oss videre og derfor er det viktig at vi legger til rette for at de får det beste utgangspunktet

1. c)

Teknisk avdeling i kommunen er den avdeling som de fleste av oss blir berørte av, det er viktig for oss som kommune at vi klarer å vedlikeholde de

Materielle verdiene som vi bygger, og derfor skal vi sørge for at vi har kontroll på det vi har og er i stand til å vedlikeholde dette før vi går videre på nye ting. Tenker her på bygninger, turstier, lekeplasser osv.

Ellers vil vi ha en åpen teknisk avdeling som prioriterer innbyggernes ønsker og mål. Vi vil ha en teknisk avdeling som vil assistere oss i det byråkratiske regelverket snarere enn å bruke dette som en stopper for kreative løsninger. Vi vil sørge for at vi får ta hele kommunen i bruk inkludert strandsonen.

1. d)

Bokn Kommune vil ikke kunne bli en attraktiv etableringskommune for næringslivet hvis vi ikke har de elementene som er nevnt ovenfor på plass. Vi har en situasjon i Norge i dag der det er mangel

på arbeidstakere. Klarer kommunen å markedsføre oss som en god bokommune hvor vi har etablert gode tilbud, vet også bedriftene at det er mulig å få arbeidstakere til å komme, og derfor er det trykt for dem å etablere seg i kommunen. Vi må sørge for at vi har en bestemt og helhetlig politikk som gjør at vi vet hvor vi ønsker etablering og som vil gi minst mulig konflikter.

Derfor er det viktig at industrifeltet på Knarholmen prioriteres for næring og at vi sørger for at andre deler av kommunen prioriteres til bolig og annen service som naturlig ligger innen for boligområder. Det er viktig at vi sørger for at primær- næringen får den støtten de trenger samtidig som vi legger til rette for utvikling av nye.

2.

Sakene ovenfor er prioriteringssaker for oss i tillegg til god infrastruktur .

3.

Vi vil markedsføre Bokn som:

- En kommune der mulighetene er til stede.
- En kommune med gode bo og oppvekstmuligheter.
- En kommune som er positiv til utvikling og etablering.
- En kommune hvor det er godt og være ung, men også en kommune å bli gammel i.
- En kommune som som er åpen og har en positiv formålsparagraf.

4.

Bokn Høyre og våre kandidater er opptatt av handlekraft, resultater, åpenhet , positiv holdning til en inkluderende kommune, faglig utvikling i skolen og villig til å ta økonomisk styring for en best mulig utvikling av kommunen slik at vi kan forsette som egen kommune i lang tid fremover

5.

Velgerne bør stemme på oss:

- Hvis de ønsker en utvikling i kommunen der en tar hele kommunen i bruk, inkludert strandsonen
- Hvis de ønsker at noen tar tak i saker som brenner for den enkelte og felles beste.
- Hvis de ønsker en god faglig skole for utvikling av sine barns kunnskaper
- Hvis de ønsker en utvikling innenfor næringsliv og primærnæringene
- Hvis de ønsker at Bokn skal bestå som egen kommune med gode boforhold, service og etableringsmuligheter for næringsliv

Det nærmar seg nå val til kommunestyret for perioden 2007-2011 og me må gjera oss opp ei meining om kva me vil stemma.

Ved forrige val fekk Høyre stor tillit frå veljarane med 7 av 17 i kommunestyret.

Utviklinga på Bokn har vært god i denne perioden med auke i folketallet til over 800 innbyggjarar. Me

har lykkast med noko av det viktigaste som er for å ha eit livskraftig lokalsamfunn i framtida.

Boknarane er stolte, engasjerte og opptatte av Bokn si utvikling. Høyre sine representantar i kommunestyre har vore framtidseretta og fått til gode løysingar på mange felt.

Bokn er blitt eit alternativ for folk som vil etablere seg med bustad

eller med næringsverksemd.

Bokn er blitt meir kjent og Bokn si stemma blir høyrte.

Høyre sin ordførarkandidat, Høyre sine politikarar og Høyre sitt program vil vidareføra dette arbeidet og er best for ein god utvikling på Bokn.

Stem Høyre ved kommunevalet.

Svein Ove Alvestad

Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -
- daglege oppdateringar i nettutgåva -

SEPTEMBER

01. Kretsmeisterskap, Trial R5 i Forsand
02. Gudsteneste kl. 11.00 - pres. konf./50 års konf.
02. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
03. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
04. Speidarmøte
06. **Strikkekafe kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove**
07. **Kino i Auditoriet. Harry Potter og Fønixsordenen**
09. Misjonsfest NMS, bedehuset kl. 19.00
11. Speidarmøte
13. **Barnemøte på bedehuset 17.30 - 19.00 arr. NLM**
14. Kino i Auditoriet
16. Gudsteneste kl. 11.00
17. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
18. Speidarmøte
20. **Strikkekafe kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove**
21. Bedehusbasaren kl. 19.30
22. Kretsmeisterskap, Trial R5 i Forsand
23. **Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps**
23. ABR-senteret, møte på Bedehuset kl. 19.30
25. Speidarmøte
27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
29. Seminar på skulen, Bokn brass
30. Gudsteneste kl. 11.00 - Hausttakkefest

OKTOBER

01. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
02. Speidarmøte
03. Basar for Den Indre Sjømannsmisjon på bedehuset kl. 19.30
04. **Strikkekafe kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove**
07. Kaffimøte på Bedehuset kl. 15.00. Song & musikk. Kaffi m/noko attåt - arr. Frelsesarméen
- Veke 41 Haustferie, Bokn skule
12. Kino i Auditoriet
14. Gudsteneste kl. 11.00
15. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
16. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
16. Speidarmøte
18. **Strikkekafe kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove**
20. Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps
21. Normisjon, møte på bedehuset kl. 19.30
23. Speidarmøte
24. **Julemesse på gamleskulen kl. 19.00, arr. Bokn vevstove**

25. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
25. Fotballavslutning på skulen, arr. Bokn IL.
- 27./28. Hegren sportsdanskklubb på Norgescup/Vestlandsserien i Hgsd.
29. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
30. Speidarmøte

NOVEMBER

01. **Strikkekafe kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove**
02. Basar for ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00
- 03./04. Seminar på skulen, Bokn skulekorps
03. Haustfest/Dans - "Sjetongane fra Haugesund", arr. Bokn IL
04. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
06. Speidaropptak på bedehuset kl. 18.00
09. Kino i Auditoriet
12. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
13. Speidarmøte
15. **Strikkekafe kl. 18.00 – 21.00 på gamleskulen, arr. Bokn vevstove**
16. Kulturkveld på bedehuset
Tema: "Gyldne Øyeblikk" v/Olav Vikse kl. 19.00
18. Gudsteneste kl. 15.00 - 4 årsbok
18. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps
20. Speidarmøte
- 24./25. Hegren sportsdanskklubb på Norgescup/Vestlandsserien i Bergen
25. Møte, NMS, bedehuset kl. 19.30
26. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
27. Speidarmøte
29. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

DESEMBER

01. Juleavslutning på skulen kl. 13.00 - arr. Hegren sportsdanskklubb
02. Lysmesse kl. 19.00
04. Grautfest på skulen - arr. Speidaren
07. Kino i Auditoriet
09. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps
10. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
16. Gudsteneste kl. 11.00
16. Juletreffest for born på bedehuset kl. 15.00
Arr: Ekornspeidarar, og Småspeidarar
19. Juleavslutning, Bokn skule
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletreffest på Bedehuset kl. 19.00
Arr.: Frelsesarmeen og bedehusstyret
31. Gudsteneste kl. 16.00

GYMSALTIMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KLOKESLETT	ANSVARLEG
Måndag	Fotball G8 og G9 Bokn musikkorps	16.45 - 17.45 18.00 - 22.00	Rannveig Foss/Atle Jøsang Lillian Grønnestad/Jardar Havikbotn
Tysdag	Danseskule	13.15 - 18.00	Wendy Riber
Onsdag	Fotball G7 Fotball J10 og J12 Fotball G13	17.00 - 18.15 18.15 - 19.30 19.30 - 21.00	Roger Jøsang Louis Medhaug Arild Nilssen/Steeven Høyland
Torsdag	Danseskule Fotball G11 Volleyball, ungdom Volleyball, vaksne	14.00 - 17.30 17.30 - 19.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Wendy Riber Leif Kjellesvik Rita Jensen Atle Jøsang

Me gratulerer!



Me vil gratulera go'jentå våres, **Tuva Bryningsland** med 1 års dagen som var 27. juli.

Kjempe gla i deg!

Klem fra Emilie, mamma og pappa.

Pusen hilser også



Eg vil gratulera min goe nabo og bestevenn, **Albert Lindanger** med 1 års dagen som var 28. juli.

Klem fra Tuva



Eg vil senda ein hilsen te tante **Silje (Aksdal)** som hadde bursdag samme dag som meg, 29. juli!

Klemmer fra Espen



Me vil gratulere vår snille og store gutt, **Sondre Norekvål**, med 2 års dagen som var den 3. august.

Klem fra mamma og pappa



Vil senda ei helsing til **Simon Eidesvik** som fylte 1 år 18. august. Og til **mammen og pappen** hans som gifta seg 23. juni.

Helsing mormor og bestefar

Rålekkert!

Jardar Havikbotn

Golv et i gymsalen på skulen, kommunen si kulturelle storsstove har blitt svært innbydande etter renovering i sommar.

Golv et er slipt ned og øydelagde parkettstavar er reparerte. Salen er også oppmerka på nytt, alt saman fint utført av eit firma på Haugalandet.

Mange lag med lakk er slipt bort, så mange at det ikkje var nødvendig å pussa så mykje på

treverket. Dermed kan golv et slipast ned igjen seinare om det skulle bli behov for det. I veke 33) var det berre lakkning på programmet, strøk på strøk.

Rektor Ingjerd Ellingsen er strålande fornøgd med resultatet.

- Folk kan gleda seg til å ta i bruk gymsalgolv et i haust, smiler ho.



Om morgonen 20. august glinsa golv et slik at lysrøyra i taket laga lysshow for fotografen.



Hipp hurra!

Kristian og Andreas Hatlem fylte 5 år 25. august.

Mamma og pappa gratulerer



Me vil gratulera **Steffen Aksdal** med 3 års dagen som var den 25 august.

Mange klemmer fra Stine, tante og onkel Trond på Hommersåk

M
e
g
r
a
t
u
l
e
r
e
r



Bokn bygdemuseum i nasjonal sammenheng

Kjetil Hamre

Torsdag 14. august fikk Bokn bygdemuseum storfint besøk. Et arbeide med å registrere gjenstander og deres langringssituasjon skulle avdekkes. Dette er et arbeid som har foregått over hele landet i snart fem år og som nå nærmer seg slutten.

Det er kulturdepartementet som står bak dette arbeidet der Arkiv, Bibliotek og Museum (ABM) blir frontet.

Bokn fikk besøk av Eirik Aarebråt fra Arkeologisk museum i Stavanger og Monika Fjæstad fra ABM-utvikling. Eivind Øvrebø viste rundt og fortalte om situasjonen mens BB's utskremte lusket i bakgrunnen.

Vi tok først en stopp på Boknatun der båten i 2. etasje og orgelet ble vist. Båten har fått hard medfart opp gjennom åra, men holder likevel godt som utstillingsbåt ennå.

Turen gikk deretter til magasinet på skolen. Her ble det litt mer sukking over forholdene. Det var slett ikke ønskelig løsning å dele lager med skolen, men om det i praksis finnes løsning på muséets behov er usikkert.



Det komplette kaos!

Begeistring

Deretter gikk turen til selve museet. Her var begeistringen stor hos Aarebråt og Fjæstad. De likte det de fikk se. Her kom det også mange lovord om godt registrerings og restaureringsarbeide som var lagt ned opp gjennom tidene.

Siste stopp på programmet var til røykstovekomplekset ute på Laupland.

Dette var mest for å se, men også for å konstatere at det var mye som kunne forbedres. Røykstova hører til Karmsund Folkemuseum, og planer derfra er usikre.

Museet har også en hel del gjenstander lagret på Ormøyas fjellhaller på (Rennesøy.) Her skal forholdene for oppbevaring være topp og registreringen grundig gjennomført.



Eirik Aarebråt og Monika Fjæstad er spent på Bokns museums-samling.

Et totimersbesøk gikk mot slutten og registreringen av Bokns museumsamling var satt i nasjonal sammen-



Eirik beundrer utstillingen på selve muséet.



Monika ved grua i røykstova.

heng. Fremtiden vil vise om besøket får konsekvenser for Bokn bygdemuseum.

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 6 1987

Prolog ved Boknafestivalen 28. mai 1987

av Olaug Hognaland

Etter ein vinter så lang og hard,
Me trudde skulle drepa alt liv som
var,
Har atter solen vunne,
Som før kvart ende år.
Det same under hende,
At vinter vart til vår.
Så kom mai, med flagrande flag,
Og landet sin egen høgtidsdag.
Men mai tek ein ende, som dagane går.
Me vil nytta ut tida med det ennå er
vår.

Me ber inn alle i bygda her,
Og gjester frå Karmøy velkomne dei er.
Me tek ein dag med litt ekstra stas,
Tida er til for festivitas.
Det er vel og bra å ha sjølv respekt,
Men nokon tykte det var litt frekt,
Når det lyste imot di frå skjorta på
kroppen:
Bokn er toppen!

Her ein dag slår du avisa opp,
Og kva ser du vel ikkje;
Bokn på topp!
Og grunnen, sto der på trykk:
Prosenten gjekk opp med eit rykk
Då sytti songarar, små og store
Laga blanda kor og barnekoret.
Skolekorpset, det var på plass,
Og Rapido og Bokn Brass,
Og leikarringen.
Og alt dette er Bokns sju hundre og
femti sjeler.

Framfor kor og korps dirigenten står,
Så visst ikkje tyngd av alder og år.
Jardar heiter han, sjeldne dei er,
Både navnet og han som navnet ber.
Skolekorpset har alt jubilert,
Over 20 år er passert.
Dirigentar og styre har kome og gått,
Meir og mindre takk har dei fått.
Foreldre stilte alltid opp,
Og støtta oppunder i samla tropp
Men det hende nok at pappa sa:
"Noko øving inni stova vil eg ikkje
ha".

Kvart år kjem det modige små aspiran-
tar,
Som litt om senn blir til musikantar.
Om nokre år forlet dei sin plass,
Og går over i Bokn Brass.
Også her har ein gått i teten,
Han hette Svein, det er han med trom-
peten.
Han er både korpset og bygda til æra.
Me må dela han med Kopervik, det får
nå så vera.

Når ungdom trakterar instrument med
glans,
Kan det vera medfødd evne og sans.
Men tolmod må til, og alt må lærast,
Og flinke pedagogar skal høgt vurde-
rast.
Kor mange me har hatt, kan ikkje
seiast nå.
Nokon er alt reiste herifrå.
Dei som er her i dag vil me gjerne
takka,
Men nå vil me bare la tonane snakka.

Boknafestivalen den 28. mai var eit
svært vellukka arrangement som samla
fullt hus heile dagen.
Etter som Bokn Bygdablad erfarer, er
dette noko som har gitt meirsmak både
for initiativtakarane og publikum. Dei
teiknar dermed til at dette kan bli
eit årvisst arrangement.

Og eit årvisst arrangement blei det.

Korpsa arrangerte Boknafestivalen kvart år fram-
over til og med 1992, med desse gjestene:

Kopervik musikkorps, Mannskoret Vibran,
Leikarringen i Haugesund mållag, Frakkagjerd
mandolinorkester, Grinde skulemusikkorps,
Grinde ungdomskorps, Førland/Stegaberg skule-
musikkorps, Haugaland trommekorps, Kolnes
blandakor, Accordion-solist, Tysvær trekkspill-
klubb, Stangaland skulekorps og Stangaland
brass.

På mange måtar gjenspeglar Boknafestivalen det
rike musikklivet i bygda desse åra, då Bokn hadde
landets største musikkule i forhold til inn-
byggartalet.

Under feiringa av 40 års-jubiléet til Bokn musikk-
korps i 2004 og Øyastemnet 2007 opplevde nok
nostalgiske boknarar omtrent den same stem-
ninga.

Så får det visa seg om Boknafestivalen får sin re-
nessanse.



På kino 7. sept. kl. 18.00

11 år



Harry Potter og
Føniksordenen

Lengde: 2 t 18 min.

Kiosk fra kl. 17.30
Velkommen til
kino!

Harry Potter og Føniksordenen

Harrys møte med fyrst Voldemort og desperanter trekkes i tvil av mange trollmenn. Han begynner på femte året ved Galtvort med lav status. Det skal endre seg når mørke skyer legger seg over skolen. Harry snakker sant. Det haster å forberede en ny farlig kamp.

Begrunnelse for 11 års grense:

I denne femte filmen om Harry Potters magiske eventyrverden er hovedkarakteren tydelig plaget gjennom marerittlignende drømmesekvenser hvor han blir truet av onde skikkelser og farer. Filmen får derfor 11-års grense.

Enkelte opprivende scener og truende skikkelser gjør at Medietilsynet **fraråder barn under 11 år å se denne filmen.**

Biblioteksamarbeid

Folkebiblioteka i Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær og Vindafjord starter 1. september eit samarbeid for å betra tilbodet til brukarane.

Frå og med denne dato kan bøker som er lånte på eit av desse biblioteka leverast uavhengig av utlansstad, til kva som helst av dei andre.

Med andre ord, biblioteka tar konsekvensen av at desse kommunane i praksis er ein bu-, arbeids- og kulturmarknad, uavhengig av fylkes- og kommunegrenser.

Innlånsordninga omfattar bøker og lyd-bøker og er ein prøve som skal evaluerast etter eit halvt års drift.

Se opp

Når du ser botnen av flaskå pleie du se opp.
Det gjer du óg når du tømme ein kaffikopp.
Ka e det du ser når du glør i taget?
E dår et mønster så sprikkene lage?

Når du så med velbehag ser ner.
E dår någe meir spennande der?
Så auga ditt kan kvila lett på.
Tankane dine får frie stiar å gå.

Kjetil Hamre

©kjetil hamre

Friluftssinteresser på Are

Jardar Havikbotn

Frilufsrådet Vest har fått i stand ein evigvarande servituttavtale som sikrar friluftssinteressene på Are.

Avtalen sikrar grunn til parkering, trasé til turveg og område ned ved sjøen. Kulturavdelinga i Rogaland fylkeskommune stadfestar at alle fornminner innanfor området blir nå sikra med statlege midlar.

Avtalen vil ikkje kosta Bokn kommune noko, og Friluftsrådet Vest vil nå søka om midler frå staten til innløysing av avtalen.

Dagleg leiar I Friluftsrådet Vest, Oddvin Øvernes, seier til Bygdabladet at avtalen vil vera til gagn og glede for boknarar og andre som vil nytta området.

- Me tar og sikte på å rusta opp ein tursti, laga parkeringsplass og setta opp eit enkelt toalett nede ved badevikane, fortel Øvernes, og legg til at staten og fylket og friluftsrådet tar kostnadene med dette.

Avtalen skal formelt godkjennas i styret i slutten av september.

Bygdabladet kjem tilbake til saka.

Annonser

Behandling med

- Kranio-sakral terapi
- Helse-massasje

Ingunn Are
Havnav. 4
Alvestadkroken

52 74 84 41

Båt plass/ev.
strand- sjølinje i
Alvestadkroken
ønskes kjøpt/ev.
leid

Torfinn Alvestad

52 74 84 41

@: hognal@online.no

*Tusen takk for oppmerksomheten i anledning
min 80 års dag*

Margrete Jøsang

*Pensjonistforeningen takker Bokn båtforening
for ein fin tur rundt Austre Bokn med
Andholmen.*

Pærebrann

Pærebrann er ikkje utrydda. Mattilsynet oppfordrar folk som har bulkemispel og pilemispel i hagen om å hogga plantene ned.

Distriktkontoret for Haugalandet ser det som ei viktig oppgåve å hindra smitte i å spre seg til Hardanger og til planteskulane på Haugalandet. Mattilsynet ynskjer at du tar kontakt med dei dersom du finn smitte.

Heile artikkelen med billedøme på smitta planter finn du i nettutgåva.



Kommune- og fylkestingvalet 2007

Førehandsrøysting



Dei som ikkje kan møte opp valdagen den 10. september 2007 har anledning til å førehandsrøyste frå fredag 10. august 2007 til og med fredag 7. september 2007 mellom kl. 09.00 og kl. 15.00.

Røystestad for førehandrøysting er: Servicetorget, Boknatun.
I tillegg vil det vera mulig å røyste 1. september frå kl. 09.00 til kl. 12.00i servicetorget, Boknatun.

Hugs å ta med valkort og legitimasjon ved røysting.

Ambulerande røystegjeving:

Dersom du på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan møte opp i vallokalet på valdagen eller i servicetorget for førehandsrøysting kan du få anledning til å røyste heime før valdagen. Da må du ta kontakt med sekretær i valstyret innan 5. september 2007.

Manntalet

For å kunne røyste ved kommune- og fylkestingvalet den 10. september må du stå i manntalet. Du må vere registrert i folkeregisteret i den kommunen du skal røyste. Dersom du har flytta til ein annan kommune og melding om flytting ikkje er motteke i folkeregisteret innan 30. juni 2007, står du i framleis i manntalet i den kommunen du flytta frå. Du kan da velje om du vil røysta på valdagen i den kommunen du har flytta frå, eller om du vil førehandsrøysta.

Dersom namnet ditt ikkje står i manntalslistene som er lagde ut i servicetorget eller det er andre feil i listene, kan du klaga til valstyret så snart råd er. Klagen må vera skriftleg og skal vera grunngjeven. Manntalet ligg ute til gjennomsyn i servicetorget, Boknatun, fram til valdagen den 10. september 2007.

*Svein Ove Alvestad
leiar i valstyret*



FOLKEMØTE



Dei politiske partia inviterer til paneldebatt i Auditoriet onsdag 5. september kl. 19.00.
Eigen lapp kjem i posten.

Dagsenter for eldre

Me startar opp igjen med dagsenter torsdag 6. september.

Alle i Bokn kommune over 70 år er velkomne.

Nye brukarar er spesielt velkomne.

Påmelding på tlf. 52 74 83 09 - helst om kvelden.

Julianne Nilssen
aktivitør

Framleis over 800

Reidar Alvestad

Folketalsauken på 12 personar i 1. kvartal av 2007 har ikkje halde fram i 2. kvartal. 1.april var folketalet 805, mot 803 pr. 1. juli 2007.

Ingen fødselar

I 2. kvartal som utgjør april, mai og juni, har både innflytting og utflytting vore 6 personar til og frå kommunen. Det har vore to dødsfall i perioden, men ingen fødselar. Det siste er nesten litt spesielt, då det tradisjonelt er på våren at mange barn vert fødde.

Mange utlendingar til landet

Det er for det meste såkalla

arbeidsinnvandring som utgjør det store flytteoverskotet inn til landet, og den største gruppa er polakkar, etterfylgd av folk frå Litauen og Tyskland.

Rogaland var det fylket som hadde størst innflyttingsoverskot frå utlandet i april, mai og juni med heile 1.200.

Rogaland har ein befolkningsauke på 2.040 i perioden til 408.450.



Piano/keyboard

Musikk- og kulturskolen har nå ledige plassar på tangentinstrument. Eineundervisninga er 30 min. pr. veke.

Interesserte tar kontakt med kulturkontoret, 52 75 25 08

**A
N
N
O
N
S
E**

Kjekt på Bokn - å strikka er kjekt!

Kom å bli med på strikkekafe
Ta med pinnar og garn (ev. anna handarbeid)
Me lærer av kvarandre
3. etasje på gamleskolen
annakvar torsdag kl. 18 - 21.
Oppstart 6. september



Ruvende fjell, fjorder og elver

Christian Ovidth

Utflytta boknar Christian Ovidth bur i Stjørdal kommune i Nord Trøndelag saman med kona May og sonen Stian på 2 ½ år. Nå har han sykla frå Stjørdal til Bokn og sendt oss reisebrev.

- redaktøren -

Jeg har lenge hatt lyst til å ta en lengre sykkeltur og fikk en idé om at strekningen Stjørdal - Bokn ville være en fin utfordring.

Sykelruta

Jeg fulgte E6 fra Stjørdal, over Dovrefjell og ned til Otta. Der forlot jeg E6, noe jeg syntes var helt greit. Da hadde jeg hatt



Sognefjellet sommeren 2007

to dager med motvind og det var godt å slippe alle vogntogene på E6. Fra Otta syklet jeg E15 i regn, men vindstille. Mye heller regn enn vind!

Jeg sneglet meg oppover Sognefjellet fra Lom. Jeg trodde aldri jeg skulle komme på toppen. Etter hver sving var det en ny bakke. Jeg kom meg til topps til slutt, og der var det plenty is og snø. Folk gikk på ski der oppe.

Noe av det tyngste med sykkelturen var faktisk å sykle ned på andre siden av Sognefjellet. Etter to mil nedover med konstant bremsing ble jeg øm i hendene og ganske kald. Å få se sjøen innerst i Sognefjorden var en fin opplevelse. I



Balestrand, med Balestrandstølen i bakgrunnen

Sogndal unnet jeg meg overnatting på hotell, og nesten et døgn hvile. Det gjorde godt, og jeg fikk tørket telt og klær. Det var fint å sykle langs Sognefjorden i sol og med uthvilte bein. Det trengte jeg, for Vikafjellet var en hard kneik. På andre siden av Vikafjellet ligger Voss, med forbløffende flott natur. Videre gikk turen til Granvin, og jeg fulgte Nasjonal



Voss i Hordaland

turistveg langs Hardangerfjorden ned til Kvinnherad. En liten rast i Rosendal måtte med på programmet. På andre siden av fjorden ligger Skånevik, og jeg begynte virkelig å nærme meg. Der var det full rulle med bluesfestival, sol og tusenvis av glade mennesker. Det var fristende å bli, men jeg måtte trå opp den siste lange oppoverbakken til Etne.



Baroniet i Rosendal

Villrev?

Jeg hadde også en spesiell opplevelse på turen, nemlig nærkontakt med rødrev. Jeg slo opp teltet for å overnatte ved et skogholt utenfor Nordheimsund i Hardanger. Jeg oppdaget to revunger som lekte i nærheten av teltet. Jeg prøvde å ta bilde av dem, men det var blitt mørkt, og de stakk inn i et revehi gjemt bak noen trær, ca. 30 meter fra teltet.

Jeg hadde så vidt fått lagt meg til rette for å sove, da noen dunket gjentatte ganger i teltduken. Jeg ble forundret da jeg kikket ut og så den ene reven leke med teltsnorene. Jeg



gjorde flere forsøk på å ta bilde, men nei. Jeg våknet klokken seks. Da sto reven bare et par meter fra teltet. Den brydde seg fint lite om meg. Jeg la merke til at den hadde fått opp to teltplugger, og den hadde stukket av med en snor, samt søppelposen utenfor teltet. Jeg delte et wienerbrød med reven.

Jeg la en kjeksbit i hånda mi, satte meg ned på huk og strakte handa mot reven. Han vil nok aldri spise fra hånda mi, tenkte jeg.. Jammen gjorde den det, og det beste er at jeg fikk hele seansen med fotoapparatet mitt!

Det var spesielt å sykle på Bokn. Jeg hadde nådd målet og ved Kyrkjebakken 13., som det visst heter nå, sto velkomstkomitéen klar med champagne! Det var godt å se familien igjen! Dusjen var god, men mors komla var deilig! Komlå var "gulrota" som drog meg de siste mila på min tur.



På bokn.no ligg dette reisebrevet med alle bildene i fargar samt ein filmsnutt av nærkontakta med reven.

- redaktøren -

Biletbok med attraksjonar frå Rogaland

Reidar Alvestad

Ivar Klungstveit frå Sandnes skal til hausten gi ut ei biletbok med attraksjonar frå Rogaland. I det høve har han også vore fleire gonger på Bokn for å fotografera ting som er verdt å sjå.

Syngestein og bygdamuseum

Tidleg i august var han igjen på Bokn for å fotografera den såkalla syngesteinen ved Boknabergsvatnet og bygdamuseet. Han måtte ha hjelp for å finna syngesteinen, og meinte at ein slik attraksjon burde vore skilta og tillaga noko meir turistvenleg med skilta parkering, kanskje ein benk, og oppslagstavle om steinen.

Det same meinte han om Tusenårsplassen. I det heile såg han at kommunane rundt omkring var ulike i kva grad dei satsa på tilrettelegging og skilting av stader som kan kallast attraksjonar. Folk som kjem utanfrå treng informasjon for å finna fram til desse stadene. Mange kommunar har satsa på god skilting og presentasjon av attraksjonane.

På bygdamuseet måtte han ta bilete av gjenstandar inne, då han meinte museet var for dårleg vedlikehalde når det gjeld maling til å presentera det med bilete av sjølve huset.

Ser ein bort frå desse tinga, syntes han det var mange fine stader og ting å presentera i biletboka. Han hadde mellom anna også bilete av Boknasund bru med Boknafjellet i bakgrunnen som han ville ta med som karakteristisk for Bokn. Elles har han også vore ved bunkersane i Klepp, Tusenårsplassen med kvernhuset og røykstova på Laupland.

Alle kommunane

Ivar Klungstvedt som har etternamnet sitt frå Nedstrand, har også kjenningar som har hytte her på



Ivar Klungstvedt får god lyd i syngesteinen ved å banka på han med ein mindre stein.

Bokn, men bur i Sandnes. Sjølv har han ein annan fast jobb som kan kombinerast med denne bokutgjevinga som han gjer på fritida. Han er svært interessert i reiseliv og turisme, og likar sjølvstendige jobbar som det med denne boka. Han begynte tidleg å fatta interesse for å fotografera.

Biletboka skal ha med fleire motiv frå alle rogalandskommunane. Nå var det berre Utsira kommune han hadde att. Han hadde nå redigert ferdig over 100 sider av boka som vil bli gitt ut på Sommentum folag og bli lagt ut til sals i bokhandelen. Han planlegg biletboka til 130—140 sider til saman.

Informasjon om legetenesta

Bokn kommune held fram med samarbeidsavtalen med lege Attila Fazekas.

Dr. Fazekas har kontor i 2. etg. i Aksdal Senter. Hovudinngangen til senteret er ope frå kl. 07.00 om morgonen. Sjølv inngangen til kontoret er ved politistasjonen, opp trappa mellom bokhandelen og sportsbutikken. Det er trappeheis som kan nyttast ved behov.

Opningstid: mandag, onsdag, torsdag og fredag kl. 08.00 - 15.30

Tirsdag er Fazekas på helsestasjonen, men telefonen er betjent av helsepersonell mellom kl. 09.00 og 14.00. (Han kan avhjelpe med resepter eller øyeblikkelig hjelp ved behov)
Mandag er framleis dr. Nemeth vikar.

Telefonnummeret til kontoret er 52 77 77 20.

Vi kjenner til at mange som har fastlege i Bokn er blitt tilbydt å gå over til Elisabeth Mattson i Tysvær. Om mange boknarar følgjer denne oppmodinga, vil det øydelegge grunnlaget for drifta ved legekantoret i Bokn. Avtalen med Fazekas inneber at vi, den dagen det begynner ny kommunelege i Bokn, har pasientgrunnlaget intakt.

Vi får prøve å klare oss så godt vi kan så lenge, og er det noko sjukepleiarane på legekantoret eller eg kan hjelpe dykk med, ta kontakt.

Er det elles noko de lurar på når det gjeld legeordninga, kan de ringa meg på tlf. 52 75 25 34 eller 98 22 15 03

Med helsing Gunn Grønnestad

Ungdomsbustad til leige

Bokn kommune har 1 ungdomsbustad til leige på Øyrenfeltet frå 01.10.07.

Bustaden er på 61m² med stove, kjøkken, 2 soverom, bad/WC og boder.

Husleiga er for tida kr. 3.200,- pr. mnd. Indeksregulering årleg frå 01.10. Straumforbruk og oppvarming kjem i tillegg.

Bokn kommune har vedtatt reglar for utleige av ungdomsbustader som går på leigetid, alder mv.

Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å kontakta Unni Høivik på tlf. 52 75 25 06 eller 98 22 15 14.

Søknad til Bokn kommune, 5561 Bokn innan 15.09.07.

Tannlegekontoret på Bokn

Tannlegekontoret er stengt fram til månadskiftet september/oktober. Ta kontakt med tannlegekontoret på Frakkagjerd dersom du ønsker kontakt med tannlege.

Endring i opningstid for psykiatrisk sjukepleieteneste

Frå og med onsdag 5. september 2007 vil psykiatrisk sjukepleiar ha kontortid frå kl. 12 00 – 19 30 ons-

dag i partallsveker.

Lokaler og telefonnummer er som før.

Håper med dette å gi eit betre tilbod til fleire.

Ordninga vil verta endra etter etter-spurnad.

Bokn, den 24. august 2007
Miriam Berland

Ny helsesøster

Jardar Havikbotn

Henriette S. Lindanger tok 5. august over stillinga som helsesøster i Bokn etter Rita B. Førland.

Helsestasjonen er open måndag, onsdag og fredag kl. 08.00 - 15.30. Rita vil vera i ein overgangsperiode vera til stades saman med Henriette enkelte fredagar.

Dama frå Trøgstad utafor Oslo, som har budd i Bokn sidan 2003, ser fram til å jobba med barn og ungdom, og nemner spesielt satsinga på ungdom som eit sær spennande arbeidsområde.

I tråd med ei landsdekkande satsing og "Plan for psykisk helsearbeid i Bokn kommune", vil ho m.a. ha eit aktivt samarbeid med skulen, og snakkar om alt frå mobbing, røyking, uønska svangerskap til alkohol, rus, sex og prevensjon.

- Terskelen for å besøke helsesøster skal ikke være høy. Det skal ikke være skummelt, smiler 31-åringen, som nå har jobba som sjukepleiar i åtte år.

I tillegg til helsesøsterstillinga på 60% er Henriette også mykje på sjukestova.




Henriette S. Lindanger ynskjer velkommen til helsestasjon i trivelege lokale i 2. etasje på Boknatun.

MELDING OM OPPSTART AV PLANARBEID

Reguleringsplan for deler av eiegdommen gnr. 2 bnr. 3, Krovågen Bokn kommune.

I medhald av § 27 og § 30 i Plan- og bygningslova, vert det med dette meldt at arbeidet med privat reguleringsplan er starta opp, for eit område på gnr. 2 bnr.3, Bokn kommune. Sjå vedlagt kartutsnitt.



Planområdet utgjer i alt ca. 19 da., på land og i sjø.

I kommunedelplan for Bokn er området vist som LNF område

I reguleringsplanen vil området bli foreslått regulert til , hytteområde, naustområde og næringsområde.

Mogelege merknader til planarbeidet må sendast til undertekna innan 3 veker.



J. TUFTELAND AS
RÅDGIVENDE INGENIØRER OG ARKITEKTER

Sae 20, Postboks 131 Tlf. 53 40 24 60 E-post:
Leirvik 5401 STORD Fax 53 41 34 66 jtas@jtas.no



HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga

HÅRSMIÅ har åpent på ukedager.

Fører Goldwell-produkter. Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Velkommen!

Mona



Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97



KROVÅGEN HESTESENTER

Velkommen til en trivelig sensommer med hest !

I september starter vi nye ridekurs for barn, ungdom og voksne, både nybegynnere og øvede ryttere (mandager, tirsdager og lørdager). Turgruppe for øvede ryttere (lørdag/søndag). Ponnygruppe for de minste rytterne (fra 5 år).

Vi har ledig stallplass for oppstalling av egen hest. Du kan også ha fast avtale om å disponere en av våre hester eller ponnier (månedsavtale). Flotte treningsforhold med 2 ridebaner og terreng. Koselig rytterkafé, adgang til toalett, dusj og garderobe.

For mer informasjon kontakt Kari Christensen,

 91 12 08 01 @: kachris@online.no

Hjemmesider: www.krovaagen-hestesenter.no

coop
marked

COOP BOKN

coop
marked

Nye opningstider:
Mandag til fredag: 09.00 - 18.00
Lørdag: 09.00 - 16.00

Gjeld frå 25. juni 2007



Bokn kommune

- Servicetorg
- Landbrukskontor
- Sosialkontor

SpareBank 1 SR-Bank



BOKN TRYGD /

Gladnyhet til alle våre bankkunder

Vi har nå åpent fra mandag til fredag
fra kl. 08.00-15.00

Kassen vil bli betjent av Mariann Våge og
Åse Eikesdal

Rådgivning ang lån, forsikring osv etter avtale med
May Jorunn Vatnaland

Vårt kundesenter 02002 har åpent
hverdager fra 07.00- 21.00 - lørdag 09.00-16.00



Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut



NAV Bokn trygd

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

TANNLEGEKONTORET

Tysdagar og torsdagar kl. 08.30 - 15.00
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 80

Marita Ølund- tannlege

Stort forsidebilde:

På Bokn er alle vinnarar, sjå neste side.
(Varden i kommunevåpenet kom på plass om kvelden)

Foto: Kjetil Hamre



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

Johannes Nilssen

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 625,-

Halvside kr. 375,-

Kvartside kr. 188,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 62,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler ekskl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.

E-post: postmottak@bokn.kommune.no



BOKN BIBLIOTEK

Opningstider:

Mandag	09.00 - 11.30 (for skulen)
Tysdag	09.00 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.00 - 13.30

På Bokn er alle vinnarar

Kjetil Hamre

Måndag 20. august var det storstilt opning av felleslokala for bank, NAV og Servicetorg på Boknatun.



Fellestorget vart opna med fin snert frå saksa.

Innbyggjarane i sentrum

Ordføraren la vekt på brukaren av tenestane. Samla på ein plass vil det letta arbeidet for den tilsette, men ikkje minst vil det verta lettare for brukaren. Dei viktigaste kontora er samla på lita flate og inngangsløysinga er praktisk retta mot alle. Her er opnande dører som lettar for den som slit med føter og rygg og veggen til kontor og bank er kort.



Fv. Rådmann Jan Erik Nygaard, fungerande regionsbanksjef i SR-bank Arne Moe og ordførar Svein Ove Alvestad er svært nøgde med fellestorget.



Vinn-vinn situasjon

Banklokala vart kjøpte av kommunen og tenester som sentralbord og kundebehandling vart og samordna mellom bank og kommune. Dette frigjer personalressursar til administrasjon og andre oppgåver. Med samarbeidet om felles ressursar blir det lettare å avikla feriar og ein står sterkare ved sjukdom og andre element som dukkar opp i kvar-dagen.

Nav får og heilt nye, lyse og trivelege lokaler her og grunnlaget for samarbeid mellom ulike kontor burde vera på sin plass.

Fungerande regionsbanksjef i SR-bank, Arne Moe, sa at banken er veldig fornøyd med løysinga dei har fått med kommunen. Dei leiger lokala av kommunen for ti år fram i tid.

Banken er overtydd om at denne løysinga kan danna mal for banktenester på andre småplasser som slit med same problem som Bokn.

Bakgrunn

Hausten 2005 oppstod det ei mindre krise her på Bokn. Me var i ferd med å mista banken i lokalmiljøet og det fekk alarmklokker til å kima både politisk og administrativt. Her måtte noko gjerast. Her gjaldt det å se mogelegheiter, ikkje hindre.

Alle kommunar skal få sitt eiga NAV-kontor der fleire av dagens tenestar blir samla og gjer det lettare for både brukar og saksbehandlar å vera effektiv med besøket. Det var difor natureg å trekkja dette arbeidet inn i same prosess.